

Møteprotokoll

Utval: Sykkylven kontrollutval
Møtestad: Sykkylven rådhus
Dato: 27.11.2024
Tidspunkt: kl. 14:00 - 15:30

Følgjande medlemmer møtte

Bente Vik
Leonhard Vårdal
Marit Jørgensen Reite
Roger Welle
Stig Ålgårdstad

Andre til stades i møtet:

Oppdragsansvarleg revisor Linn G. Pettersen frå Møre og Romsdal Revisjon SA og frå kontrollutvalsekretariatet Solveig Kvamme.

Leonhard Vårdal
Leiar kontrollutval

Solveig Kvamme
Seniorrådgivar SKS IKS

Sakliste

- PS 22/24 Godkjenning av innkalling og sakliste, protokoll frå forrige møte
- PS 23/24 Informasjon om revisjons- og kommunikasjonsplan 2024
- PS 24/24 Plan for eigarskapskontroll 2024-2027
- PS 25/24 Møteplan Sykkylven kontrollutval 2025

- PS 26/24 Meldingar
- MS 14/24 Informasjon om opplæring og kurs for kontrollutval 2025
- MS 15/24 Informasjon om eigarskap i selskap

PS 22/24 Godkjenning av innkalling og sakliste, protokoll frå forrige møte

Sykkylven kontrollutval 27.11.2024

SYKU 22/24 Vedtak:

Kontrollutvalet godkjenner innkalling og sakliste, samt møteprotokoll frå forrige møte slik den ligg føre.

Behandling

Leiar orienterte kontrollutvalet om at Plan for forvaltningsrevisjon 2024-2027 med kontrollutvalet si tilråding, vart oversendt frå sekretariatet 25.09.2024 til kommunestyret for vedtaksbehandling. Leiar har fått informasjon frå ordførar om at den planen ikkje vert behandla i kommunestyret før i desembermøtet.

Kontrollutvalet undrar seg over dette. Det har fram til no vore praktisert at saker frå kontrollutvalet kjem til behandling i påfølgjande kommunestyre, utan ugrunna opphald.

Votering: Samrøystes

Sekretariatet si tilråding:

Kontrollutvalet godkjenner innkalling og sakliste, samt møteprotokoll frå forrige møte slik den ligg føre.

PS 23/24 Informasjon om revisjons- og kommunikasjonsplan 2024

Sykkylven kontrollutval 27.11.2024

SYKU 23/24 Vedtak:

Kontrollutvalet tek informasjonen frå revisor til vitande.

Behandling

Revisor orienterte om planen for arbeidet med revisjon av årsrekneskapen 2024, og svarte på dei spørsmål kontrollutvalet hadde. Revisor orienterte om at dei i samband med årsrevisjonen vil etterspørje informasjon frå ekstern leverandør av dei tenestene som vert levert etter sjølvkostprinsippet.

Votering: Samrøystes

Sekretariatet si tilråding:

Kontrollutvalet tek informasjonen frå revisor til vitande.

PS 24/24 Plan for eigarskapskontroll 2024-2027

Sykkylven kontrollutval 27.11.2024

SYKU 24/24 Vedtak:

Kontrollutvalet bed sekretariatet om å redigere Plan for eigarskapskontroll 2024-2027 ut frå det som kjem fram i møtet, og sende den over til Sykkylven kommunestyre med kontrollutvalet si tilråding.

Sykkylven kontrollutval si tilråding til kommunestyret er at:

- Plan for eigarskapskontroll 2024-2027 vert vedteken slik den ligg føre.
- Kontrollutvalet får mynde til å endre planen, dersom risiko- og vesentlegheit vert endra.

Kommunestyret kan når som helst be kontrollutvalet om å utføre andre kontrollhandlingar av kommunen sine eigarskap, enn det som kjem fram i planen.

Behandling

Kontrollutvalet drøfta den framlagte Plan for eigarskapskontroll 2024-2027.

Votering: Samrøystes

Sekretariatet si tilråding:

Kontrollutvalet bed sekretariatet om å redigere Plan for eigarskapskontroll 2024-2027 ut frå det som kjem fram i møtet, og sende den over til Sykkylven kommunestyre med kontrollutvalet si tilråding.

Sykkylven kontrollutval si tilråding til kommunestyret er at:

- Plan for eigarskapskontroll 2024-2027 vert vedteken slik den ligg føre.
- Kontrollutvalet får mynde til å endre planen, dersom risiko- og vesentlegheit vert endra.

Kommunestyret kan når som helst be kontrollutvalet om å utføre andre kontrollhandlingar av kommunen sine eigarskap, enn det som kjem fram i planen.

PS 25/24 Møteplan Sykkylven kontrollutval 2025

Sykkylven kontrollutval 27.11.2024

SYKU 25/24 Vedtak:

Møteplan for Sykkylven kontrollutval i 2025:

1. møtet: 5. februar
2. møtet: 12. mars
3. møtet: 14. mai
4. møtet: 10. september
5. møtet: 12. november

Behandling

Votering: Samrøystes

Sekretariatet si tilråding:

Møteplan for Sykkylven kontrollutval i 2025:

1. møtet: 5. februar
2. møtet: 12. mars
3. møtet: 14. mai
4. møtet: 10. september
5. møtet: 12. november

PS 26/24 Meldingar**MS 14/24 Informasjon om opplæring og kurs for kontrollutval 2025**

Sykkylven kontrollutval 27.11.2024

SYKU 14/24 Vedtak:

Kontrollutvalet tek meldinga til vitande.

Behandling

Votering: Samrøystes

Sekretariatet si tilråding:

Kontrollutvalet tek meldinga til vitande.

MS 15/24 Informasjon om eigarskap i selskap

Sykkylven kontrollutval 27.11.2024

SYKU 15/24 Vedtak:

Kontrollutvalet tek meldinga til vitande.

Behandling

Votering: Samrøystes

Sekretariatet si tilråding:

Kontrollutvalet tek meldinga til vitande.